



## MØTEBOK

### Rådsmøte i Hardangerrådet iKS

Dato: Torsdag 13.09.2018

Klokka 11.00 – 17.00

Stad: Heradstyresalen, Ulvik

#### Til stades:

Eidfjord kommune: Ordfører Anved Johan Tveit  
Granvin herad: Ordfører Ingebjørg Winjum  
Jondal kommune: Ordfører Jon Larsgard  
Odda kommune: Ordfører Roald Aga Haug fram til kl 15.30  
Kvam herad: Ordfører Jostein Ljones - Rådsvaraordfører fram til kl 16.00  
Ullensvang herad: Ordfører Solfrid Borge  
Ulvik herad: Ordfører Hans Petter Thorbjørnsen - Rådsordfører  
Rådmannsforum: Rådmann Thore Hopperstad

#### I tillegg møtte:

Administrasjonen: Dagleg leiar Jostein Eitrheim og konsulent Trude Rinaldo  
Styreleiar Hardangerrådet IKS, Toralv Mikkelsen

Inviterte gjester: Øyvind Stueland, Næringshagen i Odda  
Knut Olav Åmås, Fritt ord

#### Agenda:

11.00 – 13.00 Sakshandsaming  
13.00 – 14.00 Lunsj  
14.00 – 15.30 Knut Olav Åmås, Fritt Ord: Kultursatsing for framtida i Hardanger.  
Innleiing - drøfting  
15.30 – 17.00 Sakshandsaming

#### Orienteringar:

Knut Olav Åmås, Fritt Ord innleia om temaet "Framtida for kulturen i Hardanger"  
Hardanger kulturråd var inviterte til å vera med på denne delen av møtet. Åmås delte vurderingar av viktige element i kultursatsinga i Hardanger i åra framover.

#### Innkalling og sakliste vart godkjent.

#### Desse vart valde til å skriva under møteboka saman med rådsordfører:

Jon Larsgard

Solfrid Borge

#### Saker til handsaming i Regionrådet:

Alle vedtak er samrøystes om ikkje anna er nemnt.

## Saker til handsaming:

### HR-sak

#### 29/18 Saker innmeldte ved starten av møtet.

##### Offentlege toalett i Hardanger

Det er teke kontakt med Statens vegvesen for møte i haust. Dette må vi purra etter.

Hardangerrådet har sendt uttale til HFK om behov for toalett ved bussterminalen i Granvin. Dagleg leiar følgjer opp dette.

Vegvesenet har no opna alle 3 toaletta på Bu.

Nytt anlegg på Fossli er teke i bruk og dette fungerer bra.

##### Orientering frå arbeidsgrupper

Selskapsavtale: Styret + rådsordførar utgjer gruppa.

Det er utarbeidd forslag til ny selskapsavtale som kan leggjast fram for regionrådet.

Strategiplan: 3 hovedstrategiar: Regional utvikling, næringsutvikling, infrastruktur.

Det er så langt ikkje semje i arbeidsgruppa om ordlyd vedr. Hardanger Tingrett. Arbeidsgruppa arbeider vidare med utforminga av strategidokumentet og dette vert lagt fram samla for handsaming i regionrådsmøtet den 18.10.

Rådsmøtet drøfta kva grep ein no bør gjera for å påverka best mogeleg at Hardanger Tingrett vert oppretthalden også for framtida. Det er no varsla ein ny gjennomgang av kva struktur tingrettane skal ha. Domstoladministrasjonen er igang med ein analyse og vurdering og det er venta at det i april 2019 vil føreliggja ein rapport med tilråding til ny struktur.

Solfrid Borge føreslo at ein snarast tek kontakt med Hardanger Tingrett og evt. Domstoladministrasjonen og ber om eit snarleg møte for å avklara korleis Hardangerrådet/kommunane kan arbeida for å påverka prosessen slik at Hardanger Tingrett kan bestå som eigen domstol også i framtida. Rådet slutta seg til det og avventar tilbakemelding om mogelege møtedatoar.

##### Turistbåtrute på Hardangerfjorden

Hardangerrådet har hatt møte med HFK og er lova nytt møte ifm budsjettprosessen i haust. Evt. ta kontakt med Steinar Aase, Fjord Tours.

##### Prosjekt "Hardanger - ein berekraftig region"

Søknad vil verta bearbeidd i samarbeid med Visit Hardangerfjord og oversendt til HFK så snart som råd.

##### Studietur til Lofoten

Program for studieturen vert oversendt til ordførarane idag. Odda kommune vil delta med varaordførar på denne turen.

#### Merkevare Hardanger

Dagleg leiar orienterte om spørsmål vedr. godkjenning av Hardangerlogo som avvik frå original merkevarelogo. Hardangerrådet har i den seinare tid fått fleire førespurnader om dette. Det vert lagt fram sak om dette tema til drøfting i neste regionråd 18.10.

#### **HR-sak 30/18 Meldingar**

Det var ingen meldingar framlagt.

#### **HR-sak 31/18 Miljøprosjekt Hardanger - Voss.** Drøfting vedr. evt. oppstart av miljøprosjekt

Denne saka vert utsett til regionrådsmøtet den 18.10.

#### **HR-sak 32/18 Møteplan for Hardangerrådet 2019**

Det vart lagt fram forslag frå administrasjonen om å endra dato for Hardingtinget 2019. Dette vart gjort med bakgrunn i tidlegare drøftingar der ein har teke til orde for å leggja Hardingtinget til same dag som opning av Hardangerkonferansen. Det kan gje betra oppslutnad om Hardingtinget samstundes som formannskapa i Hardangerkommunane kan få meir tid saman gjennom at dei deltek også på Hardangerkonferansen.

**Framlegg til vedtak:**

2019	Jan.	Feb.	Mars	April	Mai	Juni	Sept	Okt.	Nov.	Des.
Regionrådet Representant- skapet	Torsdag 17. Ullensvang		Torsdag 14. Granvin  Årsmøte	Torsdag 11. Jondal		Torsdag 13. Kvam	Torsdag 12. Ulvik	Torsdag 24. Odda		Torsdag 12. Eidfjord
Hardingtinget  Hardanger- konferansen		Torsdag 14. Odda							Ons-Tors 13.-14. Ullensvang  Hardanger- konferansen	

### Vedtak:

2019	Jan.	Feb.	Mars	April	Mai	Juni	Sept	Okt.	Nov.	Des.
Regionrådet Representant- skapet		Torsdag 7. Ullensvan g	Torsdag 14. Granvin  Årsmøte	Torsdag 11. Jondal		Torsdag 13. Kvam	Torsdag 19. Ulvik	Torsdag 24. Odda		Torsdag 12. Eidfjord
Hardingtinget  Hardanger- konferansen									Onsdag 13.  Ons-Tors 13.-14. Ullensvang  Hardanger- konferansen	

### HR-sak 33/18 Regional Næringsstrategi

Kjøp av rettar til å nytta planen. Saka er utsett frå forrige møte

Regionrådet drøfta saka. Næringsutviklar Øyvind Stueland, Næringshagen i Odda orienterte om bakgrunnen for at arbeidet med denne rapporten ikkje vart fullfinansiert. Rapporten vert no open og tilgjengeleg for Hardangerrådet og alle Hardangerkommunane.

### Vedtak:

Hardangerrådet løyver kr 50.000 som økonomisk kompensasjon til Næringshagen i Odda for arbeidet med rapporten «Regional Næringsstrategi for Hardanger»

Løyvinga vert dekkja gjennom restmidlar Regionalt Næringsfond.

**HR-sak 34/18 Orientering om viktige politiske saker i kvar kommune og i Hordaland fylkeskommune – Orientering ved kvar ordførar.**

Denne sak vert utsett til neste regionrådsmøte 18.10.2018.

**HR-sak 35/18 Orienterings- og drøftingssaker**

MRK. Innmeldte saker/tema vart tekne opp under sak 29/18.

**Møteboka godkjent 13.09.2018.**

Hans Petter Thorbjørnsen  
Rådsordførar

Jon Larsgard  
Rådsmedlem

Solfrid Borge  
Rådsmedlem